

## Tryggheim sin elev-pc for USK-elever hausten 2023:



Tryggheim ungdomsskule ynskjer at elevane skal leiga berbar datamaskin så lenge dei går på skulen. Datamaskinane som skulen leiger ut vil vera av god kvalitet og vil innehalda Windows, antivirus, Microsoft Office og det som elles er naudsynt av program i skulekvardagen. Dei vil og vera klare til bruk på skulen sitt nettverk. Skulen vil ha tilgjengelege reservemaskinar til dei som leiger, om det skal bli naudsynt med service på PC-en.

Maskinen har følgjande spesifikasjonar: HP Probook x360 Fortis 11 G9, Pentium Silver N6000 prosessor, 8GB ram, 128GB SSD, trådløst kort wifi6, nettverkskort, 11,6» skjerm, bluetooth, USB-C, HDMI, Windows 11 og uhellsbeskyttelse. Den er og passert uthaldingstestar på MIL-nivå og eignar seg difor godt til litt tøffare skulebruk.

3-årig forsikring mot tilfeldige uhell fylgjer med: **Det gjeld for 1 stk uhell pr skuleår, og då vil maskinen bli reparert lokalt på skulen av eigne HP-teknikkarar så snart det er mogleg /er deler på lager.**

Ved leige av datamaskin over tre skuleår vil eleven kunna overta datamaskinen vederlagsfritt. Kontrakten har to månader oppseiingstid, og denne vil tre i kraft dersom eleven seier opp leigeavtalen eller sluttar ved skulen før dei er ferdige med 10.trinn.

Prisen for leige samsvarar med utstyrsstipendet for Tryggheim vgs for skuleåret 23/24, (skuleåret 22/23 er dette kr 1118,- og kan endra seg litt for 23/24). Betaling for leige-pc blir fordelt på 10 månadar kvart skuleår.

Er det spørsmål om denne ordninga, kan de ta kontakt med IKT-avdelinga ved å senda e-post til [ikt@tryggheim.no](mailto:ikt@tryggheim.no).